

**I pinsa (21.-24. mai) blir det nasjonal fjellsportsamling i Uskedalen i regi av fjellsportgruppa til DNT i Bergen.**

**Fjellsportmiljø over heile lander er inviterte.**

I invitasjonen blir det mellom anna lokka med Bretur i blåisen, skitur i Rosendalsfjella, klatring på granitt i Uskedalen, padling på Hardangerfjorden og toppturar mellom anna på Ulvanåso.

Også topptur på Blådalshorga og Melderskin står på programmet saman med Bjørndalstraversen og Breturen skal gå til Buarbreen.

I pressemeldinga frå DNT fjellsport Bergen heiter det:- Når graset grønkast og fruktrea står i blomst nede i dalane, ligg snøen framleis djup oppe i fjellsidene. På denne tida av året kan praktisk tala alle fjellsportaktivitetar utøvast i løpet av ei langhelg.

Dei som ynskjer guida turar kan gå saman med instruktørar og turleiarar frå arrangøren.